VEKE 46 PÅ 3.TRINN, SALHUS SKULE

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Start 8.30 kvar dag Velje aktivitet Lesekvart Matematikk Sette saman tal med fleire enn ti tiarar Norsk Sant-usant?	*Leiketid saman med 1.trinn* Lesekvart Norsk Skriveverkstad Setningar Matematikk Engelsk We love reading	Leik Lesekvart 1-2-3 stasjonar -lese -synge -skrive -gymsal	**Uteskule** Lesekvart Tema Vatn Timen Livet	Leik Lesekvart Morgonsamling i gymsalen Matematikk Gangetrening Kroppsøving

Læringsmål:	
Norsk: Eg veit kva ei setning er og at det alltid skal vere punktum (eller spørjeteikn/utropsteikn) tilslutt i ei setning. Eg brukar dei små bokstavane i skrift.	Matte: Talverdi. Einar-, tiar-, og hundrarplass **4**61 → 400 5**4**9 → 40 30**4** → 4
Engelsk: Eg kan forstå og bruke nokre adjektiv for å fortelje om noko. Big, curly, small, cold, hot, sad, happy	Sosialt: Vere ein god "klassevenn": Vere mot andre slik du vil at dei skal vere mot deg! Gje kvarandre arbeidsro

Lekser:

Individuell leselekse frå måndag til neste måndag.
Les teksten din minst to gongar. (t.d. ein gong for deg sjølv og ein gong for ein vaksen heime) Den vaksne signerer på leseskjemaet.

Info til foreldre:

Siste veka har det vore SÅ mykje kjekkare å vere ute. Ingen våte regnklede å kle på seg og lite bruk for klèsskifte. På uteskulen var mange med å rydde vekk haustlauv på skuleplassen. Vi fylte ganske mange trillebårlass som vi tømde i skulehagen.
Onsdag blei det ekstra gymtime som belønning for fullt klinkekuleglas veka før.

Refleksvestaksjonen er i gang og fleire og fleire hugsar å få vesten på seg 😊